



OSTERØY
KOMMUNE

MØTEBOK

Plan- og kommunalteknisk utval



Møtedato: 10.06.2024
Møtetid: 09:30 -17:00
Møtestad: Lonevåg, rådhuset - heradsstyresalen

Frammøtte faste medlemmer

Namn	Rolle	Parti	Merknad
Herdis Helle	Leiar	AP	
Johannes Haugland	Nestleiar	SP	
Kari Laurhammer Mjøs	Medlem	KRF	Innvilga permisjon frå møtet frå kl. 14:00
Johannes O Borge	Medlem	H	

Frammøtte vara medlemmer:

Namn	Vara for	Parti
Ragnar Tyssebotn	Ruben Nielsen	FRP

Følgjande frå administrasjonen møte:

Politisk sekretær – Runar Ludvigsen
Kommunalsjef for samfunnsutvikling – Arnstein Øvsthus
Leiar for teknisk forvaltning – Tore Johan Erstad

Ekstra informasjon til møte:

Utvalet var på synfaring i samband med revisjon av kommuneplanen sin arealdel (KPA) frå kl. 09:30-14:45.
Frå kl. 15:15 var utvalet samla på rådhuset for behandling av sakene på sakslista.

Møtebok er publisert på kommunen si nettside og vert godkjent i neste møte.

Sakliste

Saksnr	Sakstittel
EV 4/24	Synfaring i samband med revisjon av kommuneplanen sin arealdel (KPA)
PS 31/24	Godkjenning av innkalling og sakliste
PS 32/24	Godkjenning av møtebok 10.06.2024
PS 33/24	Gbnr 14/108 Hatland - Søknad om dispensasjon frå kravet til utnytting for fasadeendring og oppføring av tilbygg til einebustad
PS 34/24	145/136, 147, 148 - Søknad om dispensasjon for oppføring av bustadbygg med 8 bustadeiningar
PS 35/24	Andre saker/spørsmål

Herdis Helle

Utvalsleiar

EV 4/24 Synfaring i samband med revisjon av kommuneplanen sin arealdel (KPA)

Handsaming i Plan- og kommunalteknisk utval - 10.06.2024 av sak 4/2024
Synfaring i samband med revisjon av kommuneplanen sin arealdel (KPA):

Utvalet har vore på synfaring i samband med revisjon av kommuneplanen sin arealdel (KPA)

Vedtak i Plan- og kommunalteknisk utval - 10.06.2024 av sak 4/2024 Synfaring i samband med revisjon av kommuneplanen sin arealdel (KPA):

Det vert ikkje fatta noko vedtak i denne saka.

PS 31/24 Godkjenning av innkalling og saksliste

Handsaming i Plan- og kommunalteknisk utval - 10.06.2024 av sak 31/2024

Godkjenning av innkalling og saksliste:

Kari Mjøs (KrF) fekk innvilga permisjon frå møtet frå kl. 14:00 og er difor ikkje tilstades under behandlinga av sakene 31-35/24. Ingen vara møte.

4 av 5 medlem/varamedlem tilstades.

Utvalet varsla spørsmål om status på konsesjonssaka ved Mjøs Metall i Hosanger til slutten av møte.

Vedtak i Plan- og kommunalteknisk utval - 10.06.2024 av sak 31/2024

Godkjenning av innkalling og saksliste:

Innkalling og saksliste vert godkjend.

PS 32/24 Godkjenning av møtebok 10.06.2024

Handsaming i Plan- og kommunalteknisk utval - 10.06.2024 av sak 32/2024
Godkjenning av møtebok 10.06.2024:

Det var ingen merknader til møtebok.

Vedtak i Plan- og kommunalteknisk utval - 10.06.2024 av sak 32/2024
Godkjenning av møtebok 10.06.2024:

Møtebok frå 03.06.2024 vert godkjend.

PS 33/24 Gbnr 14/108 Hatland - Søknad om dispensasjon frå kravet til utnytting for fasadeendring og oppføring av tilbygg til einebustad

Handsaming i Plan- og kommunalteknisk utval - 10.06.2024 av sak 33/2024 Gbnr 14/108 Hatland - Søknad om dispensasjon frå kravet til utnytting for fasadeendring og oppføring av tilbygg til einebustad:

Fellesframlegg frå Johannes Borge (H), Johannes Haugland (SP), Ragnar Tyssebotn (FrP) og utvalsleiaren:

"Kommunen gjev dispensasjon frå kravet til utnytting i områderegulering Lonevåg føresegn 2.14, jf. plan- og bygningslova §§ 12-4 og 12-7 nr. 1 til oppføring av tilbygg på gnr. 14 bnr. 108, jf. plan- og bygningslova § 19-2.

Grunngjeving:

Omsyna bak regelen det er søkt om dispensasjon i frå og omsyna i føremålsreglane i lova vert ikkje vesentleg tilsidesett.

Det er ingen innvendingar på utsendte nabovarslar, høgda på huset vert ikkje auka og tiltaket vil ikkje ha negativ påverknad på utsyn for naboane. Utbygging av altan som er det største arealet vender vekk frå annan bebyggelse og er ikkje sjenanse for andre. Utbygginga vil gje plass til fleire soverom og utbygging av kjøkken. Det ligg ikkje til rette for ytterligare foretting på tomten og tiltaket tar i svært liten grad av eksisterande uteareal på tomten.

Etter ei samla vurdering er fordelane med å gje dispensasjon større enn ulempene."

AVRØYSTING:

Samrøystes vedteke

Vedtak i Plan- og kommunalteknisk utval - 10.06.2024 av sak 33/2024 Gbnr 14/108 Hatland - Søknad om dispensasjon frå kravet til utnytting for fasadeendring og oppføring av tilbygg til einebustad:

Kommunen gjev dispensasjon frå kravet til utnytting i områderegulering Lonevåg føresegn 2.14, jf. plan- og bygningslova §§ 12-4 og 12-7 nr. 1 til oppføring av tilbygg på gnr. 14 bnr. 108, jf. plan- og bygningslova § 19-2.

Grunngjeving:

Omsyna bak regelen det er søkt om dispensasjon i frå og omsyna i føremålsreglane i lova vert ikkje vesentleg tilsidesett.

Det er ingen innvendingar på utsendte nabovarslar, høgda på huset vert ikkje auka og tiltaket vil ikkje ha negativ påverknad på utsyn for naboane. Utbygging av altan som er det største arealet vender vekk frå annan bebyggelse og er ikkje sjenanse for andre. Utbygginga vil gje plass til fleire soverom og utbygging av kjøkken. Det ligg ikkje til rette for ytterligare fortetting på tomten og tiltaket tar i svært liten grad av eksisterande uteareal på tomten.

Etter ei samla vurdering er fordelane med å gje dispensasjon større enn ulempene.

PS 34/24 145/136, 147, 148 - Søknad om dispensasjon for oppføring av bustadbygg med 8 bustadeiningar

Handsaming i Plan- og kommunalteknisk utval - 10.06.2024 av sak 34/2024 145/136, 147, 148 - Søknad om dispensasjon for oppføring av bustadbygg med 8 bustadeiningar:

Utvalsleiaren, Johannes Haugland (SP), Johannes Borge (H) og Ragnar Tyssebotn (FrP) sette fram slikt tilleggsframlegg:

"Det skal vere minst to ekstra parkeringsplassar på tomten og vegen frå pumpuhus til innteikna innkøyring til tomten/tiltaket skal utvidast med om lag 2 meter med tillegg av grøft.

Kommunedirektøren frå fullmakt til å fastlegge dei nærmare detaljane i vilkåret."

AVRØYSTING:

Kommunedirektøren sitt framlegg vert samrøystes vedteke

Felles tilleggsframlegg vert samrøystes vedteke

Vedtak i Plan- og kommunalteknisk utval - 10.06.2024 av sak 34/2024 145/136, 147, 148 - Søknad om dispensasjon for oppføring av bustadbygg med 8 bustadeiningar:

Kommunen gjev dispensasjon frå plankrav, utnyttingsgrad og parkering, jf. plan- og bygningslova §§ 11-6 og 11-9 nr. 1 og 5, til oppføring av bustadbygg med 8 bustadeiningar på gnr. 145 bnr. 136, 147 og 148, jf. plan- og bygningslova § 19-2, på fylgjande vilkår:

- Maksimum utnyttingsgrad er 30 % BYA.
- Minstekrav til parkering er 1,5 bilar per bustadeining, til saman 12 parkeringsplassar.
- Trafikksikker tilkomst for køyrande og mjuke trafikantar og vass- og avlaupsanlegg skal ferdigstillast før det vert gjeve bruksløyve/ferdigattest til nye bustadeiningar, jf. kommuneplanføresegn nr. 1.4.

Det skal vere minst to ekstra parkeringsplassar på tomten og vegen frå pumpuhus til innteikna innkøyring til tomten/tiltaket skal utvidast med om lag 2 meter med tillegg av grøft.

Kommunedirektøren frå fullmakt til å fastlegge dei nærmare detaljane i vilkåret.

PS 35/24 Andre saker/spørsmål

Handsaming i Plan- og kommunalteknisk utval - 10.06.2024 av sak 35/2024

Andre saker/spørsmål:

Utvalsleiaren ber om at sak om konsesjon på landbrukseigedommen som Mjøs Metall skal avhende, når eller om den kjem, vert behandla politisk. Vidare ber ho om at eventuelle søknader om endringar av gjeldande konsesjonsvilkår for Mjøs Metall, blir behandla politisk.

Leiar for teknisk forvaltning ga slikt svar på vegne av kommunedirektøren: Vi vurderer at det er rimeleg å ikkje lenger sjå på denne saka som "kurant", og at det difor er naturleg at utvalet får saka til behandling i tråd med reglementet.

Johannes Haugland (SP) og Ragnar Tyssebotn (FrP), stilte seg bak utvalsleiar.

Johannes Borge (H) hadde slik merknad:

"Eg er ikkje samd i at det er naudsynt å tilsidesetje administrasjonen sitt mynde i denne saka."

Johannes Haugland (SP) og Ragnar Tyssebotn (FrP) hadde slik merknad: Vi stiller oss bak utvalsleiar sitt standpunkt om at sakene skal handsamast politisk.

HANDSAMING AV TIDSSENSITIVE SAKER I PERIODEN MELLOM UTVALET SITT MØTE I JUNI OG AUGUST 2024

Utvalsleiar fekk mynde frå eit samrøystes utval til å gjera vedtak i saker som ikkje er av prinsipiell betydning, men som skulle ha vore handsama i utvalet, jf. kommunelova § 5-7. Myndet gjeld fram til neste ordinære utvalsmøte 28.08.2024. Ved behov kan utvalsleiar konferera med utvalsmedlemmene før vedtak.

Vedtak i Plan- og kommunalteknisk utval - 10.06.2024 av sak 35/2024 Andre saker/spørsmål:

HANDSAMING AV TIDSSENSITIVE SAKER I PERIODEN MELLOM UTVALET SITT MØTE I JUNI OG AUGUST 2024

Utvalsleiar fekk mynde frå eit samrøystes utval til å gjera vedtak i saker som ikkje er av prinsipiell betydning, men som skulle ha vore handsama i utvalet, jf. kommunelova § 5-7. Myndet gjeld fram til neste ordinære utvalsmøte 28.08.2024. Ved behov kan utvalsleiar konferera med utvalsmedlemmene før vedtak.